




HERØY KOMMUNE

FELLESSEKRETARIATET

Dato: 27.11.03
Journal: 2003/000594
Arkiv: 040
Vår ref.: ENR
Dykkar ref.:
Dykkar brev av: 21.08.03

Landbruksdepartementet, avd. for skog og ressurspolitikk

Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo-



**F-SAK 200/03. FRAMLGG TIL NYE VEDTEKTER OM
OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM
SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN. HØYRING.**

Vedlagt følger:

- saksutgreiing og protokoll i F-sak 200/03.

Herøy formannskap (1515) handsama saka i møte 11.11.03 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Herøy kommune er samd i at den foreslåtte omlegginga kan føre til ei raskare og, på fleire område, betre saksbehandling i kommunane.

Frå kommunen si side vil ein imidlertid imøtegå påstanden om at omlegginga ikkje fører til auka utgifter for kommunane. Det må såleis gjerast ein ny og grundigare gjennomgang av behovet for auka ressursar og kompetanseheving. I ein slik samanheng vil det vere naturleg å ta med alle overføringar av oppgåver som er gjort etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane og det må vidare leggest til grunn at dei stillingsressursane som, i samband med overføringa, vart avsett til regionale stillingar i fylka, no i stor grad er borte.

Ei fjerning av kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil ytterlegare vanskeleggjere arbeidet i kommunane slik den økonomiske situasjonen i kommunane er no og truleg vil vere i lang tid framover."

Eise Reite
Else Nordstrand Reite
e.f.

Kopi:
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Saksprotokoll frå Formannskapet

200/03 FRAMLEGG TIL NYE VEDTEKTER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

Sakshandsam Hallvard Rusten - UTV

ar:

Dato: 12.11.2003

Arkivref.: 2003/000594-2 / 040

Utval	Møte-dato	Utvalls-saksnr.	Beh.-status	Avgjerande organ
Formannskapet	11.11.2003	200/03	BE	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

-partar i saka Landbruksdepartementet, Avdeling for skog og ressurspolitikk, Postboks 8007
Dep, 0030 Oslo
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

-andre

Dokument vedlagt saka:

Brev (høyringsutkast) m/vedlegg frå Landbruksdepartementet, datert 12.06.03.

Andre dokument i saka:

Klagerett:

Nei

Framlegg frå rådmannen:

Herøy kommune er samd i at den foreslåtte omlegginga kan føre til ei raskare og, på fleire område, betre saksbehandling i kommunane.

Frå kommunen si side vil ein imidlertid imøtegå påstanden om at omlegginga ikkje fører til auka utgifter for kommunane. Det må såleis gjerast ein ny og grundigare gjennomgang av behovet for auka ressursar og kompetanseheving. I ein slik samanheng vil det vere naturleg å ta med alle overføringar av oppgåver som er gjort etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane og det må vidare leggjast til grunn at dei stillingsressursane som, i samband med overføringa, vart avsett til regionale stillingar i fylka, no i stor grad er borte.

Ei fjerning av kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil ytterlegare vanskeleggjere arbeidet i kommunane slik den økonomiske situasjonen i kommunane er no og truleg vil vere i lang tid framover.

Møtebehandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Herøy kommune er samd i at den foreslåtte omlegginga kan føre til ei raskare og, på fleire område, betre saksbehandling i kommunane.

Frå kommunen si side vil ein imidlertid imøtegå påstanden om at omlegginga ikkje fører til auka utgifter for kommunane. Det må såleis gjerast ein ny og grundigare gjennomgang av behovet for auka ressursar og kompetanseheving. I ein slik samanheng vil det vere naturleg å ta med alle overføringar

av oppgåver som er gjort etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane og det må vidare leggest til grunn at dei stillingsressursane som, i samband med overføringa, vart avsett til regionale stillingar i fylka, no i stor grad er borte.

Ei fjerning av kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil ytterlegare vanskeleggjere arbeidet i kommunane slik den økonomiske situasjonen i kommunane er no og truleg vil vere i lang tid framover.

Saksframlegg for Formannskapet

200/03 FRAMLEGG TIL NYE VEDTEKTER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

Sakshandsam Hallvard Rusten - TEKN

ar:

Dato: 05.11.2003

Arkivref.: 2003/000594-2 / 040

Utval	Møte-dato	Utvals-saksnr.	Beh.-status	Avgjerande organ
Formannskapet	11.11.2003	200/03	-	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

-partar i saka Landbruksdepartementet, Avdeling for skog og ressurspolitikk, Postboks 8007
Dep, 0030 Oslo
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

-andre

Dokument vedlagt saka:

Brev (høyringsutkast) m/vedlegg frå Landbruksdepartementet, datert 12.06.03.

Andre dokument i saka:

Framlegg frå rådmannen:

Herøy kommune er samd i at den foreslåtte omlegginga kan føre til ei raskare og, på fleire område, betre saksbehandling i kommunane.

Frå kommunen si side vil ein imidlertid imøtegå påstanden om at omlegginga ikkje fører til auka utgifter for kommunane. Det må såleis gjerast ein ny og grundigare gjennomgang av behovet for auka ressursar og kompetanseheving. I ein slik samanheng vil det vere naturleg å ta med alle overføringar av oppgåver som er gjort etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane og det må vidare leggast til grunn at dei stillingsressursane som, i samband med overføringa, vart avsett til regionale stillingar i fylka, no i stor grad er borte.

Ei fjerning av kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil ytterlegare vanskeleggjere arbeidet i kommunane slik den økonomiske situasjonen i kommunane er no og truleg vil vere i lang tid framover.



Saksbehandler: HR-UTV-UTV
Journal: 2003/000594

Dato: 28.10.03
Arkiv: 040

FRAMLEGG TIL NYE VEDTEKTER OM OVERFØRING AV MYNDE OG NY FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN - HØYRING.

BAKGRUNN FOR SAKA

Landbruksdepartementet har sendt til høyring framlegg om nye vedtekter om overføring av mynde til kommunane, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning m.fl. etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova og ny forskrift om saksbehandling m.v. i kommunane i saker etter dei same lovene.

Departementet sitt framlegg byggjer på eit utkast som er utarbeidd av ei arbeidsgruppe for delprosjektet "Kommunerettet satsing på landbruksområdet". Prosjektet vart oppretta i samband med gjennomføringa av St.meld. nr. 19 (2001/2002), "Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og på lokalt nivå". Det er lagt til grunn at endringa skal skje med verknad frå 1. januar 2004.

SAKSOPPLYSNINGAR

Høyringsnotatet, som følgjer saka som trykt vedlegg, er utsendt frå departementet den 12.06.03. Frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor er det med brev av 21.08.03 kome forslag til høyringsuttale. Denne er i sin heilskap teken inn i saksutgreiinga nedanfor:

Framlegg til nye vedtekter og forskrift.

Kommunen har i dag både innstillande mynde og vedtakskompetanse i høve til jordlova, konsesjonslova, odelslova og skogbrukslova. Det vert no lagt til grunn at alle konsesjons og delingssaker skal avgjerast i kommunane som førsteinstans frå og med 1. januar 2004. Vidare er det lagt til grunn at mynde til avgjerd i saker etter skogbrukslova med unntak av saker som gjeld vernskoggrensar vert overført til kommunane til same tid. Det er også lagt til grunn at fylkeslandbruksstyret skal vere klageorgan for dei ovanfor nemnde avgjerder som er gjort i kommunane.

Det vert også gjort framlegg om å overføre mynde til avgjerd etter § 9 i jordlova om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Dette er ein naturleg konsekvens av overføring av mynde i alle delingssaker då det ofte er ein nær samheng mellom frådelling og omdisponering av dyrka jord. Det vil vere ein uheldig situasjon dersom kommunen skal avgjere delingsspørsmålet og fylkeslandbruksstyret avgjere spørsmålet om omdisponering.

Departementet gjer vidare framlegg om at fylgjande saker vert avgjort i kommunen som førsteinstans:

- 1) Saker om tiltak for dyrka jord etter jordlova § 8 tredje og fjerde lekken. (Gjeld pålegg og andre tiltak i samband med vanhevd av dyrka jord).
- 2) Saker om å krevje fjerning av anlegg og byggverk etter jordlova § 9 femte lekken. (Gjeld fjerning av ulovlege anlegg).
- 3) Saker om å gi pålegg om å søkje om konsesjon etter konsesjonslova § 20 andre og tredje lekk og odelslova § 29 andre lekken. (Gjeld konsesjonspliktig overdraging der det ikkje vert søkt om konsesjon)
- 4) Saker om unntak frå hogstforbodet etter konsesjonslova § 237 første lekk. (Gjeld m.a. forbod mot å forringe eigedomen til eksempel ved hogst, før konsesjonsspørsmålet er i orden.)
- 5) Saker om tilbaketrekking av konsesjon og fastsetting av frist for sal etter konsesjonslova § 23 andre lekken og odelslova § 29 tredje lekken. (Gjeld i samband med brot på konsesjonsvilkår eller brot på bu- og driveplikt.)
- 6) Saker om å setje frist for pantavar til å bringe tvangsbruk som er i strid med konsesjonslova § 3 andre lekken til opphør eller frist for erverver til å sørge for omgjering av overdraginga eller å overdra til nokon som kan få eller ikkje treng konsesjon etter konsesjonslova, ifr. Kons.lova § 25 (Fast eigedom kan ikkje takast til brukeleg pant for lenger tid enn 3 år utan konsesjon. § 25 gjeld frist for å ordne forholdet når det ikkje er gitt konsesjon.)
- 7) Saker om forlenging av frist for vidaresal etter konsesjonslova § 6 første lekken nr 5 tredje punkt. (Bank eller anna institusjon som kongen har godkjent kan sitje med eigedom i to år etter tvangssal, utan konsesjon. Fristen kan etter dette forlengast etter vedtak i kommunen.)

Forskrift om sakshandsaming i kommunane.

Det er gjort framlegg om nokre nye vedtekter i forskrift om sakshandsaming m.v. i kommunane. Dette inneber m.a. at kommunane ikkje lenger vil ha plikt til å nytte departementet sitt sakshandsamingssystem, Ajour, som kommunane (landbrukskontora) må nytte no. Med omsyn til innlevering av statistikk om antal saker, arealavgang m.m. er det gjort framlegg om at kommunane må nytte det elektroniske dataformatet som vert fastsett av departementet. Vidare vert det gjort framlegg om at kommunane skal stille til rådvelde dei saksdokumenta som landbruksdepartementet ber om i samband med evaluering av praksis.

Administrative og økonomiske konsekvensar.

Tyngda av sakene i landbruksområdet gjeld omdisponering, deling og konsesjon. Som fylgje av at arealgrensa for konsesjonspliktig kjøp vart heva i 2001, har talet på konsesjonssaker truleg gått ned etter dette. Dersom framlegget til ny konsesjonslov vert vedteken, vil dette også innebere at det vert færre konsesjonssaker å handsame.

Framlegget fører til at dei sakene som fylkeslandbruksstyret avgjer i dag som førsteinstans, vert avgjort i kommunen.

Kommunen har også tidlegare hatt ansvar for å innhente naudsynete opplysningar og legge til rette alle sakene, også dei som hittil har gått til fylkeslandbruksstyret for avgjerd. Departementet hevdar då at omlegginga ikkje vil innebere betydelege administrative og økonomiske konsekvensar utover dei ressursar som alt vert nytta. I tillegg vert det uavhengig av dette gjort framlegg om å oppheve kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse i kommunane.

Vurdering.

Omlegginga vil utvilsamt føre til raskare sakshandsaming særleg for dei større sakene, større lokal påverknad i avgjerdene og totalt sett billegare sakshandsaming. På den andre sida vil det vere fare for at ein vil få stor ulikskap mellom kommunane med omsyn til praktisering av lovene.

Med omsyn til dei økonomiske og administrative konsekvensane er det grunn til å vere usamd med departementet. Å slutthandsame sakene som førsteinstans vil i mange høve krevje større juridisk kvalitetssikring på endelege vedtak som vert gjort og eit stort meirarbeid med klagesaker. Ein må også rekne med at det i nokre høve vert gjort feil som kommunen kan bli økonomisk ansvarleg for. Fylkesmannen og før det landbruksavdelinga, har hatt tilsett jurist og fleire sakshandsamarar til å ta seg av dette. Det vil vere heilt urimeleg å tru at omlegginga ikkje skal føre til vesentleg meirarbeid for kommunane.


I dei siste åra, etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane, har det ved fleire høve vorte overført nye oppgåver innafor landbruksforvaltninga utan at kommunane har fått kompensasjon for dette. Det er ein lite dokumentert påstand frå departementet at omlegginga ikkje vil føre til nemnande administrative og økonomiske konsekvensar for kommunane. Det vil truleg verte trong for både auka kapasitet og heving av kompetansen i kommunane for å kunne gjennomføre det nye arbeidet på ein tilfredsstillande måte.

Landbrukssjefen har kome med slik tilråding til vedtak:

Kommunen er samd i at omlegginga kan føre til ei raskare, og på fleire område betre sakshandsaming i kommunane. Kommunen vil imidlertid imøtegå påstanden om at omlegginga ikkje fører til større utgifter for kommunane. Kommunane vil difor peike på at det må gjerast ein ny og grundigare gjennomgang av kva auka ressursar og kompetanseheving som er nødvendig i kommunane. Ein bør her ta med alle overføringar av oppgåver som er gjort etter at landbruksforvaltninga vart overført til kommunane. Her må ein også legge til grunn dei stillingane som, i samband med overføringa, vart avsett til regionale stillingar i fylka og som no i stor grad er borte. Å fjerne kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vil ytterlegare vanskeleggjere arbeidet i kommunane slik den økonomiske situasjonen i kommunane er no og vil vere i lang tid framover.

VURDERINGAR

Rådmannen vil slutte seg til dei vurderingar som her er gjort og legg saka fram til uttale/vedtak i samsvar med tilrådinga frå landbrukssjefen.


Rune Sjørgard


Hallvard Rusten